

LEIR!



CAMP RYFYLKE

25. AUGUST - 27. AUGUST 2023



VELKOMMEN TIL CAMP RYFYLKE

PÅMELDINGSFRIST: 29. mai

Påmeldinga er ein del av påmeldinga til heile konfirmantåret

INFO OM LEIREN

Kyrkjelydane i Ryfylke ynskjer deg velkommen til å vere med på konfirmantleir på Vaulali og i Tau kyrkje i Strand. Der ligg alt til rette for at konfirmantleiren vert eit høgdepunkt i konfirmantåret!

Kyrkjelydane i Ryfylke prosti har gått saman for å laga denne leiren. I tre dagar vert det mykje liv når rundt 200 konfirmantar frå Forsand, Jørpeland, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda vert samla til spennande aktivitetar og kjekk undervisning som leiarane og dei som arbeider i kyrkja har førebudd.

På Strand er det fleire idrettsanlegg, ei stor ny kyrkje med plass til alle på samlingar, og moglegheit for andre spanande aktivitetar.

Me gler oss til dette, og nå håper me at du vil vere med!



KVAR SKAL ME OVERNATTE?

Me overnatter på Vaulali leirstad, og på skule og bedehus i nærleiken. Me sov på liggeunderlag eller liknande i klasserom på skulen. Dersom nokon treng å bu tilrette- lagt på eige rom, så er dette mogleg. Ta då kontakt med lokal kyrkjelyd. Kyrkjelydane organiserer kven som sov kvar. Me vil ha vakne nattevakter som er tilgjengeleg om natta. Leiren vil ha eige helseteam.

SMÅGRUPPER

Konfirmantane vert delt i grupper med 5-6 andre frå sin eigen kyrkjelyd med ein eller to ungdomsleiarar. Desse ungdomsleiarane vil vere leiarar for deg under heile leiren og gjere mykje for at du skal trivast. Kvar dag er det både aktivitetar med gruppa og kyrkjelyden din og meir frie aktivitetar.

Tilrettelegging

Leiren vil vere tilrettelagt for alle som treng det, me ynskjer å ha med alle i fellesskapet. Foreldre/føresatt/ledsager kan vere med utan tillegg i prisen. Ta kontakt med din lokale kyrkjelyd, for meir in- formasjon. Me ynskjer at alle skal trivast og føla seg tryg- ge på leir. Gje beskjed ved påmelding om det er noko me bør ta hensyn til (allergiar, sjukdom, tilrettelegging eller anna).



KVA SKJER PÅ LEIREN?

Program (forenkla og foreløpig)

Fredag

ca. 17.00 Ankomst

Måltid

Kick-off i Tau kyrkja

Innlosjering på overnattingsstad

Kveldssamling i basane

Laurdag

Vekking

Frukost

Basesamlingar (basar er grupper basert på kyrkjelydane).

Aktivitetar

Lunsj

Samling i kyrkja

Aktivitetar

Middag/kvelds

Kveldssamling i kyrkja

Basesamlingar

Sundag

Vekking

Frukost

Pakking

Basesamlingar

Lunsj

Gudsteneste

Ca. 15.00 Avreise





BETALING

All betaling av leir skjer til din lokale kyrkjelyd gjennom betaling av konfirmantåret.

Alle måltid, overnatting, og det generelle programmet er inkludert i prisen. Det er mogleg å søkja om støtte til leiren dersom prisen gjer at du ikkje kan vere med. Snakk med kyrkjelyden din om dette.

FRIVILLIGE

Me er takksame for alle føresette som har høve til å gje re ein innsats for ein best mogleg leir for konfirmantane. Gje beskjed til din kyrkjelyd i påmeldinga om du er positiv til å ta ei nattevakt, hjelpe til med måltidene ein eller fleire dagar, vere i helseteam eller hygieneteam (rydde søppel og vaske over toalettene).

Ein vil vere fleire ilag på oppgåvene. Me har nokon rom disponibile for foreldreovernatting, gje i så fall beskjed om du treng dette.

Kyrkjelydane i Ryfylke lagar denne leiren i
samarbeid med NMSU.



NMSU står for Det Norske Misjonsselskaps Barne- og Ungdomsorganisasjon. NMSU vil engasjere barn og ungdom til å dele tru, tid, ting og talent. Dette gjer dei gjennom blant anna leirarbeid og utvikling av ressursar som kan brukast i kyrkjelydar i Den norske kyrkje.

Sjå meir på nmsu.no



Connect

Med Gud
i deg sjølv

DU KAN GLEDA DEG!

Påmelding til leiren skjer til din lokale kyrkjelyd som en del av påmeldingen til konfirmantåret.

Påmeldingsfristen er 29. mai. Meir informasjon om sjølve leiren kjem når ein har meldt seg på.

***Beste helsing
Kyrkjelydane i Ryfylke prosti***

v/ Hovedkomiteen for Camp Ryfylke

Me gler oss til dette, og nå håper me at du vil vere med! Velkommen på konfirmantleir!



Sjå følgebrev med informasjon om korleis du melder deg på.
For spørsmål ta kontakt med konfirmantansvarleg i din kyrkjelyd:

Forsand:

Sokneprest Ole Wollert Meyer,
om232@kirken.no
41561737

Jørpeland:

Kateket Mia Christina Raustein,
Mia.Christina.Raustein@strand.kommune.no
404 83 052

Strand:

Kateket Bodil Sande Turøy
Bodil.Sande.Turoy@strand.kommune.no
993 17 506

Hjelmeland:


Kyrkjelydspedagog Tonje F. Nessa
tonje@hjelmeland.kyrkja.no
40230461

Suldal:

Sokneprest Toralf Veum Ladstein
tlf932@kyrkja.no
97195094

Sauda:

Sokneprest Espen Gya
espen.gya@gmail.com
415 19 913



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA